

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 17/4580-1

### **Manglande gateadresser - frå eldrerådet i Sogndal**

**Fylkesrådet for eldre skriv uttale i møte.**

**Vedlegg:**

Dokument frå eldrerådet i Sogndal

### **SAKSFRAMSTILLING**

Eldrerådet i Sogndal har sendt brev til fylkesrådet for eldre der dei oppmodar fylkesrådet om å få sett fokus på saka om manglande gateadresser.

I Sogndal kommune var det pr. februar 2017 mellom 2000 og 3000 i kommunen som mangla fullstendig gateadresse. Dette skulle ha vore på plass innan 2015. Årsaka til forseinkinga vert oppgitt å vere ressursmangel.

Det er viktig å ha på plass fullstendige gateadresser for at ambulanse, politi og brannvesen skal finne fort fram. Det same gjeld for posten, heimetenesta, matombæring og drosjer.